

Fra: Peder Sjo Slettebø[peder.sjo.slettebo@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 19.11.2016 18:08:13
Til: KK_Kommunestyret_2015-2019[KK_Kommunestyret_2015-2019@kvinnherad.kommune.no]
Kopi: Post[post@grenda.no]; redaksjon@kvinnheringen.no[redaksjon@kvinnheringen.no]; Odd Ivar Øvregård[odd.ivar.ovregaard@kvinnherad.kommune.no]; Post[post@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: Saker til kommunestyret

Til kommunestyrerepresentantane.

På utsendt innkalling er det to saker som skal handsamast i kommunestyret torsdag som ved ein inkurie ikkje er komne med på saklista:

- Kontorlokale Husnes sentrum
- Høyringsuttale Vestlandsregion

Saksutgreiingane er ikkje ferdige. Når det gjeld kontorlokale vedtok eit samrøystes formannskap at det skal vera med to tilleggsutgreiingar: Leige og rehabilitering av Aksen og nytt bygg på ny tomt.

Vonar kommunestyret kan handsama disse sakene i tillegg til det som står på utsendt sakliste. Saksutgreiingar vert sende ut så snart som råd.

Vi orsakar feilen.

Med helsing

Peder Sjo Slettebø
Ordførar
Kvinnherad kommune
Telefon: 53 48 31 00
Mobil: 907 40 595

